



Sak nr 07/22

Møtedato: 23.02.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til flytting av hyttetomt (F226) inne på stølsjorde S588 – Sørre Trøllhøvd

Det er komme inn ein søknad frå hytte-eigar Vemund Imrik som eig Fnr 226. Dette er ei hytte som ligg inne på stølsjorde S 588 på Sørre Trøllhøvd tilhøyrande Steinar Kvåle.

Hytta skal restaurerast, og i den samanheng ynskjer dei både vinterveg og enklare adkomst. Det er tidlegare handsama ein sak om ny veg til hytta (sak 80/2002). Resultat av saka i 2002 var følgjande:


VEDTAK i sak 80/2002:

Fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram nye opplysningar som tilseier at ein skal endre avtale som vart gjort under befaringa.

(Referat frå avtale: Under befaringa vart ein samde om ei veglei som starta ved F 97 og gjekk langs gjerdet til S 588. Det var ei kolgrop ved sida av vegleia. Vegen måtte derfor gå inn på inngjerdinga til F 97. Denne inngjerdinga var for stor og det var derfor aktuelt å redusere denne likevel.)

Fjellstyret ber festaren vurdere alternativet om å flytte hytta ut frå stølsjordet.

No har hytte-festar komme til den konklusjon at dei er best tent med ei ny tomt som ikkje ligg på jordet. Dei har føreslege fleire plasseringar, men administrasjonen har drøfta saka med kommuneadministrasjonen og Statskog. I den samanheng er det komme fram eit forslag om følgjande ny tomt:



Skisse 1 syner forslag til ny tomt

Denne er plassert inntil 2 andre hytter, slik at ein samlokaliserar fleire hytter i eit område. Dette er og utanfor stølsjorde, Heile området er definert som «dyrkbare jord», men sidan det ligg 2 andre hytter i umiddelbar nærleik bør ein kunne plassere denne siste hytte på ein slik måte at den ikkje øydelegg for eventuell framtidig utvising av tilleggsjord dersom det skulle vere aktuelt.

Den er ikkje plassert slik at den teke noko utsyn til andre hytter, og burde derfor vere uproblematisk. Det er og mogleg å nytte eksisterande veg inn til hytta, her må det til privat avtale om å bidra med vedlikehald mellom berørte partar.

Ang naturmangfald, vil dette vere kommunen sin jobb å sjå på ved behandling etter plan- og bygningslova. Imidlertid bør ikkje fjellstyre gje positiv uttale til denne tomte dersom det er vesentlege moment som taler mot etter naturmangfoldlova § 8-12.

Følgjande er registrert:

Naturtype: Boreal hei. Dette er ein større del av heile området, og eit mål med ny hyttetomt inntil 2 andre eksisterande, bebygde tomter vil ikkje påverke dette i vesentleg grad.

Storspove – fugleart med særleg stor forvaltningsinteresse/prioritert art. Det er registrert eit hekke-område på dei store myrbelta på nordsida av vegen. Denne nye tomte ligg då i utkanten av dette området, og kan ikkje seiast i vesentleg grad å påverke denne arten.

Det at det kjem ei tomt til blant dei 2 andre vil ikkje vere særleg vesentleg endring, og vil ikkje totalt sett auka presset på området då denne uansett tilhøyrar nærområdet frå før med anna plassering.

Oppsummert kan ikkje administrasjonen sjå at plassering av ny tomt vil påverke naturmangfold negativt i vesentleg grad.

Administrasjonen har vore i telefonisk kontakt med eigar av stølsjordet som hytta ligg på (S588) – Steinar Kvåle. Han er positiv til at hytte vert flytt ut av stølsjordet.

Denne saka er ikkje sendt på høyring til andre berørte. Og sidan dette er ei uttale til Statskog er det logisk å berre høyre bruksinteressene. Andre forhold tilhøyrar den kommunale behandlinga.

Administrasjonen foreslår grunna ynskje om rask handsaming pga snarleg byggestart, at administrasjonen vert delegert mynde til uttale etter at høyring er gjennomført blant dei næraste bruksberettiga. Dersom det ikkje kjem fram vesentlege moment mot ny plassering ut i frå landbruksmessige omsyn, sendes ei positiv uttale frå administrasjonen til Statskog.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til flytting av hyttefeste F226 ut av stølsjorde og til ny plassering synt i skisse 1 i saka. Administrasjonen vert delegert mynde til uttale etter at høyring er gjennomført, føresatt det ikkje kjem fram vesentlege moment som talar mot ny hytte-plassering ut i frå landbruksmessige omsyn.

Vedtak:

Fjellstyret er positiv til flytting av hyttefeste F226 ut av stølsjorde og til ny plassering synt i skisse 1 i saka. Administrasjonen vert delegert mynde til uttale etter at høyring er gjennomført, føresatt det ikkje kjem fram vesentlege moment som talar mot ny hytte-plassering ut i frå landbruksmessige omsyn.

Samrøystes.

Uttale til Statskog er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over dette vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.02.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Sendes delegert på høyring til berørte stølar/bruksberettiga